



ØYGARDEN KOMMUNE EIGARKAPSMELDING september 2016

**Prinsipp og rammer for styring av
heil- eller deleigde selskap**

Oversyn over eigarskap

Vedteke av Øygarden kommunestyre 21.09.16, sak 066/16.

Innhald

Innleiing:	3
Kvifor skal kommunen ha interesser i selskap?	3
Finansielt motivert.	3
Politisk motivert.	3
Effektivisering av tenesteproduksjon.....	3
Samfunnsøkonomisk motivert.	3
Val av selskapsform.	4
Aksjeselskap (AS).	4
Interkommunale selskap (IKS).....	4
Kommunalt føretak (KF).....	5
Interkommunalt samarbeid.....	5
Stiftingar.....	5
Mål og strategi for selskapa.	6
Eigarstrategi for kvart einskilt selskap	7
Ulike roller.	7
Aksjeselskap.....	8
Interkommunalt selskap.	8
Kommunalt foretak.	9
Kommunikasjon.	9
Administrasjon av eigarskapsmeldinga.....	9
Oversyn over selskap Øygarden kommune har eigarinteresser i.	10
Aksjeselskap og liknande.	10
Interkommunale selskap IKS.	11
Formelle interkommunale samarbeid elles.	11
Pensjonskasse.	12
Interesseorganisasjonar og nettverk.	12

INNLEIING:

Det vart i 2012 vedteke ei eigarskapsmelding for Øygarden kommune.

Meldinga som no er utarbeidd er tydelegare på mål, prinsipp og rammer i høve til kommunal deltaking i selskap. Dessutan er det no teke med fleire selskap og organ kor kommunen er deltar eller interessent.

KVIFOR SKAL KOMMUNEN HA INTERESSER I SELSKAP?

Øygarden kommune meiner det prinsipielt kan vera rett å organisera kommunale eller forretningsmessige oppgåver i selskap utanfor den ordinære kommunale forvaltninga dersom dette kan vera fordelaktig for å oppnå vedtekne politiske mål. Val av oppgåver selskapet skal løysa og kva selskapsform som skal veljast skal byggja på ei konkret vurdering i kvart einskild tilfelle der eige selskap kan vera aktuelt.

Øygarden kommune meiner og det kan vera prinsipielt rett å løysa oppgåver i samarbeid med andre kommunar eller private føretak innanfor ramma av eige selskap - dersom det kan sikra at vedtekne politiske mål vert oppnådd.

Skiping av eigne selskap for å løysa kommunale oppgåver kan vera aktuelt der ei slik løysing kan gje betre tilgang på kompetanse, der organiseringa kan gje meir kostnadseffektiv drift eller der «bestillar – utførar»-rollene blir tydelegare enn innanfor kommunen sin eigen organisasjon.

Oppgåver som i det vesentlege har forretningsmessig karakter skal som hovudsak organiserast innanfor ramma av eige selskap.

Motiva for å skipa eige selskap kan vera som fylgjer:

FINANSIELT MOTIVERT. Selskap der motiv og hovudgrunngjeving for eigarskap er høve til å få økonomisk utbytte av innskoten kapital og samstundes avgrensa kommunen sin økonomiske risiko. Føremålet for eit slikt selskap er forretningsmessig orientert og bedriftsøkonomiske kriterium for lønsemeld ligg til grunn for selskapet sitt arbeid.

POLITISK MOTIVERT. Selskap der motivet for etableringa er grunngjeve med eit ynskje om å posisjonera kommunen eller regionen – og å arbeida for mål knytt til samfunnsutviklinga. Verken økonomi eller omsynet til tenesteyting er grunngjeving for slikt selskap.

EFFEKTIVISERING AV TENESTEPRODUKSJON. Selskap der motivet i hovudsak er eit mål om meir effektiv tenesteproduksjon og ei betre forvaltning av anleggsmidlar enn det kommunen reknar med å få til i eigen organisasjon.

SAMFUNNSØKONOMISK MOTIVERT. Selskap der motivet er å oppnå samla sett meir samfunnsøkonomiske gunstige organisering og resultat ved gjennomføring av offentlege oppgåver. Offentleg engasjement og styring i oppgåveløysinga vil stå sentralt i grunngjevinga for slike selskap.

VAL AV SELSKAPSFORM.

Følgjande selskapsformer er aktuelle:

AKSJESELSKAP (AS).

Aksjeselskap vert oppretta og drive etter Lov om aksjeselskap.

Eit aksjeselskap er eit eige rettssubjekt og kan ha ein eller fleire eigarar.

Selskapsforma kan vera tenleg dersom ein ynskjer å ha ulike grupper av eigarar eller leggja til rette for at fleire – både fysiske og juridiske personar, kan vera eigarar.

Lova set krav om ein minste eigenkapital i selskapet. Eigenkapitalen skal til ei kvar tid vera forsvarleg i høve til omfanget på selskapet si drift. Eigarane er normalt ikkje ansvarlege for selskapet sine plikter. På den andre sida rår eigarane heller ikkje fritt over selskapet sine inntekter og eigardeler.

Eigarskapen vert forvalta gjennom generalforsamlinga i selskapet. Der kan eigarane gjennom vedtekter, instruksar og andre vedtak fastsetja rammer for styret og dagleg leiar si leiing av selskapet. Generalforsamlinga vel styret i selskapet. Styret har det overordna ansvaret for forvaltninga av aksjeselskapet – og for at det vert drive i samsvar med selskapet sitt føremål og innanfor rammene lovgjevinga set.

Aksjeselskap er aktuelt å nytta der det vert vurdert som tenleg for å løysa forvaltningsmessige oppgåver og for å løysa oppgåver av heil eller delvis forretningsmessig karakter. I selskap som skal驱va forvaltning på vegne av kommunen, skal kommunen (kommunane) som hovudregel eiga 100 % av aksjane.

Kommunestyret skal sjå til at aksjeselskapa har vedtekter som gjer klart greie for kva selskapet sine forretningsmessige rammer skal vera.

INTERKOMMUNALE SELSKAP (IKS).

Interkommunale selskap vert oppretta og drive ut frå Lov om interkommunale selskap.

Samarbeid mellom fleire kommunar (og fylkeskommunar) kan organiserast som interkommunale selskap (IKS). Interkommunale selskap er eigne rettssubjekt – rettsleg og økonomisk skild frå deltakarkommunane. Kvar av deltarane har eit uavgrensa ansvar for sin del av selskapet sine samla forpliktingar.

Selskapet sitt øvste mynde er representantskapet. Representantskapet er eigarane sitt organ – og deltakarkommunane sitt eigarmynde ligg til representantskapet. Her kan deltakarkommunane gjera vedtak som er bindande for styret – og også omgjera vedtak som styret har fatta. Slik sett har deltakarkommunane større påverknad på styringa av selskapet enn det som er tilfelle i aksjeselskap.

Selskapsforma er mest aktuell der økonomisk utbytte av drifta ikkje er eit mål. Kommunestyret skal sjå til at det er fastsett ei selskapsavtale som er tydeleg på selskapet sitt formål og rammer.

KOMMUNALT FØRETAK (KF).

Kommunalt føretak skal opprettast og drivast etter reglar i kommunelova. Kommunalt føretak er ein del av kommunen som rettssubjekt – og har ikkje økonomisk sjølvstende. Reglane om kommunale føretak tek særleg sikte på å gje eit alternativ for meir sjølvstendig organisering av kommunale oppgåver. Kommunale tenesteeiningar kan tinga tenester frå eit kommunalt føretak etter behov.

Føretaket vert leia av eit styre og ein dagleg leiari. Leiaren rapporterer til styret – og ikkje til rådmannen. Rådmannen har uttalerett i saker som føretaket ynskjer fremja for politisk handsaming.

Det kommunale budsjettet set rammer for verksemda føretaket driv – og styret er bunde av vedteke budsjett.

Kommunalt føretak vert som regel nytta i samband med oppgåver som inneber både samfunnsmessige og forretningsmessige omsyn. I hovudsak vert kommunalt føretak nytta i forretningsdrift som normalt ikkje er i konkurranse med private leverandørar.

Kommunestyret skal sjå til at godkjende vedtekter fastset oppgåvene og rammene for drift av føretaket.

INTERKOMMUNALT SAMARBEID.

Kommunelova § 27 har reglar om samarbeidsavtaler mellom kommunar (og fylkeskommunar) når samarbeidet er organisert med eit eige styre. Styret vil ha eit avgrensa avgjerdsmynde knytt til verksemda si drift og organisering. Det må lagast vedtekter for eit slikt interkommunalt samarbeid.

Interkommunalt samarbeid kan og organiserast etter «vertskommunemodellen». I den modellen har ein kommune driftsansvaret og budsjettansvaret. Dei andre deltakarane i samarbeidet refunderer utgifter etter ei fordeling som er fastsett i samarbeidsavtala. Ofte vert det oppretta eit rådgjevande organ med deltakrarar frå samarbeidskommunane for å fylgja verksemda etter denne modellen. Rådet har ikkje styringsrett.

Kommunestyret må godkjenna samarbeidsavtaler/vedtekter for interkommunalt samarbeid.

STIFTINGAR.

Stiftingar vert oppretta og drive etter Lov om stiftingar.

Ei stifting er ein formuesverdi som stiftarane har sett av for å fremja eit nærmare fastsett føremål. Stifting vert ofte nytta som organisasjonsform for verksemder av ikkje-økonomisk karakter, spesielt med eit sosialt eller kulturelt føremål.

Kommunar kan åleine eller i lag med andre oppretta stiftingar. Stiftingar er eigne rettssubjekt, men har ingen eigar («stiftinga eig seg sjølv»). Kommunen har difor ingen direkte styringsrett for stiftingar – og kan heller ikkje henta ut midlar frå ei stifting som kommunen har oppretta.

Stiftinga vert leia av eit eige styre. Styret vel sjølv medlemmer til styret i medhald av vedtekten.

Stiftarane fastset normalt vedtekter for stiftinga. Vedtekten kan gje føringar for korleis styret skal vera samansett. Styret kan fremja endringar i vedtekten. Før slike vedtektsendringar vert godkjende av Stiftingstilsynet, vert det kravd dokumentasjon på at stiftarane ikkje har merknader til endringane.

Kommunestyret skal godkjenna vedtekter for stiftingar der kommunen er med på å oppretta stiftinga.

MÅL OG STRATEGI FOR SELSKAPA.

Det ligg til dei formelle organa i selskapa å vedta mål og strategiar for selskapa si verksemد. Kommunestyret må kunna gå ut frå at generalforsamlingane i aksjeselskapa, representantskapet i interkommunale selskap og styret i kommunale føretak sikrar at det finst oppdaterte styringsdokument for selskapa.

Kommunestyret legg til grunn at styringsdokumenta i det minste skal innehalda tydelege formuleringar om:

- Føremålet til selskapet
- Eigarstrukturen
- Langsiktige forvaltnings- og forretningsmessige mål
- Risikovilje og risikoeksponering – og verknad for eigenkapitalbehovet
- Prinsipp for utbetaling av utbytte til eigarane
- Prinsipp for fastsetting av kvalitet på tenester eller produkt
- I kva grad kommunen kan krevja spesielle leveringsvilkår frå selskapet
- Prinsipp for lønsfastsetting for leiinga i selskapet
- Mål for sikring av selskapet sitt omdømme
- Prinsipp for korleis selskapet vil dokumentera i kva grad kundane er nøgde med tenester og produkt

Kommunen sine valde representantar til generalforsamlingar, representantskap og styre har ansvar for at desse føresetnadene vert fylgde opp.

EIGARSTRATEGI FOR KVART EINSKILT SELSKAP

Det bør verte formulert ein eigarstrategi for kvar og ein av eigarpastane til kommunen. Dette vil kunne skape, dokumentere og vedlikehalde eit medvite eigarskap hjå dei som til ei kvar tid er folkevalt. Dette er sentrale spørsmål når det gjeld eigarstrategien:

- Skal kommunen eige?
- Dersom JA, kva er målet for eigarskapet:
Til dømes politisk?
- Dersom NEI, kva er målet for avhending/sal?

Når kommunen etablerer ein slik eigarstrategi, kan det vere formålstenleg å

- bygge på opphavleg bakgrunn for etableringa av eigarskapet
- vurdere utviklinga dei siste åra
- vurdere framtidsutsikter med tanke på t.d. kapitalbehov hjå verksemda, investeringsvilje hjå kommunen, risiko knytt til verksemda, samfunnsmessig verdi på verksemda og kor lønsam verksemda er.

Utarbeidning av ein slik strategi kan til dømes verte delegert frå kommunestyret til formannskapet. Strategien som så blir vedteke kan deretter verte innarbeidd i den rullerande eigarskapsmeldinga.

ULIKE ROLLER.

Øygarden kommune legg vekt på at prinsippet om at *bestillar/utførar-modell* vert lagt til grunn for fastsetting av oppgåve- og ansvarsdeling mellom kommunen og selskapet. Dette prinsippet skal og leggjast til grunn når ein vel kommunen sine representantar til styrande organ i selskapa. Prinsippet skal også visa klart att i selskapet sine vedtekter. Øygarden kommune legg til grunn at val av eigarrepresentantar skal medverka til at det vert sikra tilfredsstillande styring og kontroll i selskapa. Difor er det viktig å unngå rollekonflikta for dei som vert valde.

Øygarden kommune legg til grunn at organisering av selskap på sida av kommuneorganisasjonen skal medverka til at kommunen får tilgang til kompetanse og fagmiljø som det normalt ikkje finst innanfor eigen organisasjon. Det skal difor leggjast vekt på kompetanse når kommunen sine eigarrepresentantar skal vera med på å velja styremedlemmer i selskapa. Kompetanse må vurderast opp mot selskapet sitt formål og oppgåver slik det kjem fram i vedtekta. Det er eit mål å sikra komplementær kompetanse i styra.

Kommunen skal også medverke til at styrande organ er likestilt i kjønnsrepresentasjon.

AKSJESELSKAP.

Ordføraren er generalforsamling i selskap der Øygarden kommune er eineaksjonær. Ordføraren møter på generalforsamlinga og stemmer for kommunen sin eigardel i selskap der kommunen er deleigar.

Ved val av styre i aksjeselskapa vil det normalt vera ein valkomité som legg fram tilråding på kandidatar. Ordføraren må få høve til å gje sine vurderingar i samband med valkomiteen sitt arbeid.

I dei selskapa der Øygarden kommune er eineeigar eller majoritetseigar skal styremedlemmene ikkje veljast blant medlemmene i formannskapet.

Kommunen si administrative leiing skal heller ikkje kunna veljast inn i styra i desse selskapa.

Øygarden kommune legg til grunn at det vert vedteke instruks for styret – jfr. aksjelova §6-23. Instruksen skal mellom anna vera tydeleg på prinsipp for styreevaluering og evaluering av dagleg leiar. Slik evaluering skal vera tilgjengeleg for selskapet sin valkomité.

Dagleg leiar i aksjeselskap som er heil- eller deleigd av Øygarden kommune kan ikkje vera medlem i Øygarden kommunestyre.

INTERKOMMUNALT SELSKAP.

Kommunestyret skal velja kommunen sine representantar til representantskapet i selskapet. Øygarden kommunestyre legg til grunn at medlemene i representantskapet vert valde mellom kommunestyrerrepresentantane. Kommunen si administrative leiing skal ikkje veljast inn i styra .

I prosessen før val av styre skal det normalt oppnemnast ein valkomité. Ordføraren må få høve å gje sine vurderingar i samband med valkomiteen sitt arbeid.

Øygarden kommune legg til grunn at det vert vedteke instruks for styret. Instruksen skal mellom anna vera tydeleg på prinsipp for styreevaluering og evaluering av dagleg leiar. Slik evaluering skal vera tilgjengeleg for selskapet sin valkomité.

Dagleg leiar i interkommunalt selskap der Øygarden kommune er medeigar kan ikkje vera medlem i kommunestyret for nokon av eigarkommunane.

KOMMUNALT FORETAK.

Kommunestyret vel styre – jfr. kommunelova § 65.

Dagleg leiar i kommunalt føretak skal ikkje vera medlem i Øygarden kommunestyre.

KOMMUNIKASJON.

Øygarden kommunestyre legg til grunn at det skal etablerast god løpende kommunikasjon mellom kommunen som eigar og selskapet. Kommunikasjonen skal gjennomførast på ein strukturert måte gjennom:

- Fast formell rapportering mellom selskap og eigar – medrekna årsmelding
- Eigarmøte
- Spesielle orienteringar frå selskapet si leiing til administrativ og politisk leiing i kommunen
- Orienteringar (meldingar) frå selskapet si leiing til kommunestyret
- Informasjon frå selskapet si leiing til aktuelle tenestebrukarar

Kor ofte og kor formelle dei ulike delane av kommunikasjonsgjennomføringa skal vera, vert avklara med kvart selskap.

Det er styret i selskapet som har ansvaret for at kommunen sitt krav til kommunikasjon frå selskapet til eigar vert fylgd opp. Rådmannen har ansvaret for at kommunen sitt definerte bidrag til kommunikasjon med selskapet vert fylgd opp.

ADMINISTRASJON AV EIGARSKAPSMELDINGA.

Rådmannen har ansvaret for at prinsippa for kommunen si eigarstyring vert formidla og ajourført etter behov.

OVERSYN OVER SELSKAP ØYGARDEN KOMMUNE HAR EIGARINTERESSER I.

AKSJESELSKAP OG LIKNANDE.

Selskap	Eigardel	Styrerepresentasjon/ generalforsamling
Gode Sirklar AS - Dette er eit interkommunalt selskap som Øygarden kommune eig saman Sund kommune og Fjell kommune. Selskapet driv med nærings-, samfunns- og kompetanseutvikling. Selskapet har som målsetting å tilføra regionen forskingsbasert kunnskap og kompetanse på internasjonalt nivå til næringsutvikling, nyskapning og utvikling av eksisterande verksemder. Selskapet stimulerer også til å utvikle kultur som næring og til regional utvikling. godesirklar.no/	25 % (kjelde: aksjonærregister.no)	Generalforsamling: Børge Haugetun Styret: Medlem: Atle Dåvøy Vara: Silvia Haugland
Trigger JobbAS - Dette er eit interkommunalt selskap som Øygarden kommune eig saman med Askøy, Fjell og Sund kommune. Trigger A/S er ei arbeidsmarknadsbedrift som tilbyr følgjande tiltak: varig tilrettelagt arbeid (VTA) arbeid med bistand (AB) arbeidspraksis i skjerma verksemd (APS) trigger-as.no/	1,7 % (kjelde: proff.no)	Generalforsamling: Børge Haugetun Styremedlem: Jarle Kåre Oen Vara: Kristin Straume
Business Region Bergen AS - ble stifta 31. oktober 2007 for å drive regional næringsutvikling, etablerarsenter, profilering og marknadsføring av regionen. Dette er eit interkommunalt selskap der Øygarden er medeigar saman med Bergen, Askøy, Fjell, Sund, Austevoll, Stord, Os, Samnanger, Fusa og Vaksdal, Regionrådet for Nordhordland IKS og Hordaland fylkeskommune. regionbergen.no/page/2/vi-utvikler-bergensregionen	2 % (kjelde: BRB årsmelding 2014)	Eigarmøte/generalforsamling: Børge Haugetun
Biblioteksentralen A/L - Biblioteksentralen AL er ei kunnskapsbedrift som har spesialisert seg på å tilby produkt og teneste til norske bibliotek. bibsent.no/	0,2 %	Ikkje valt
Sambandet Vest AS - Interkommunalt selskap. Føremålet er å realisere infrastruktur knytt til tverssamband mellom kommunane Øygarden, Askøy, Meland og Radøy for å binde saman olje- og gassdestinasjonane Kollsnes og Mongstad. Herunder sikre tilfredsstillande transportkapasitet nord/sør på Askøy.	0% (kjelde: aksjonærregister.no)	-
Naturgassparken Vest AS - Dette er eit aksjeselskap som Øygarden kommune eig saman med CCB. Øygarden kommune sin eigardel utgjer 50 %. Selskapet driv med utvikling og sal av fast eigedom. Selskapet eig 50% av CCB Kollsnes AS w2.brreg.no/enhet/sok/detalj.jsp?orgnr=975843068	50 % (kjelde: aksjonærregister.no)	Generalforsamling: Børge Haugetun Styreleiar: Ottar Vik Styremedlem: Drude Herdlevær
BKK AS – Dette er eit selskap som er eigd av Statkraft samt 17 kommunar på Vestlandet. Selskapet leverar kraft, telefoni, varmepumper, kabel-TV og bustadalarmar til store deler av Vestlandet. bkk.no	0,52% (kjelde: aksjonærregister.no)	Generalforsamling: Børge Haugetun

Sambandet Sotra Øygarden Bergen AS –Føremålet med selskapet er å skape grunnlag for ein formell planprosess for opprusting av eit nytt samband mellom Sotra og Bergen, og gode tilførselsvegar mot nord og sør på Sotra/Øygarden. Kommunen sine aksjar vart selt til Fjell kommune i 2013. Fjell er 100%eigar pr 31/12 2015 (kjelde: aksjonærregisteret.no).	0%	
Tide AS - Dette er landets største privateigde transportselskap. tide.no	0,04%	Generalforsamling: Børge Haugetun
Øygarden Samfunnshus SA – Dette er eit selskap som vart stifta i 1997 og er registrert som selskap med avgrensa ansvar under bransjen ”utleie av egen fast eiendom”. (kjelde: årsmøtet i 2014 – 1800 av 1949 A-andelar eigd av Øygarden kommune) w2.brreg.no/enhet/sok/detalj.jsp?orgnr=977376890	92 %	Styremedlem: Brigitte Alvheim Sjo Varamedlem: Vidar Hitsøy
Scalpro AS - Selskapet driv med skalldyrproduksjon settleproject.com/consortium/scalpro	0,21% (kjelde: aksjonærregisteret.no)	Generalforsamling: Børge Haugetun
Vest Norges Brusselkontor AS – Kontor for kommunar, fylkeskommunar og organisasjonar på Vestlandet, basert på innmelding. Føremålet er å knyte kontaktar og formidle kunnskap om EU/EØS. west-norway.no	Foreining eig selskapet	Ikkje valt
CCB Kollsnes AS - Utvikling og drift av næringsområder i Øygarden kommune. ccbkollsnes.com/index.php?mapping=22	12,50%	Styreleiar Ottar Vik Styremedlem: Drude Herdlevær

INTERKOMMUNALE SELSKAP IKS.

Bergen Hamn IKS bergenhavn.no (under skiping – avløyser BOH)

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS ikah.no (Øygarden sin eigardel – 2,85%)

Sotra brannvern IKS sotrabrannvern.no (Øygarden kommune på veg inn i selskapet)

DIHVA IKS http://dihva.no/om_dihva/ (Øygarden kommune medlem til 31/12 2016 – det er ikkje aktuelt å fornye avtala)

FORMELLE INTERKOMMUNALE SAMARBEID ELLES.

Bergen og omland friluftsråd bof.no (Kommunelova § 27)

Bergen og omland Hamnevesen bergenhavn.no - Hamnevesenet er eit interkommunalt samarbeid oppretta i medhald av kommunelova § 27. Medlemmane er kommunane Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Lindås, Meland, Os, Radøy, Sund, Øygarden samt Hordaland Fylkeskommune.

Medlem i hamnerådet: Børge Haugetun

Varamedlem: Silvia Haugland

Kemnarkontoret – skatteoppkrevjaren Fjell kommune er vert (Kommunelova § 27)

Øygarden kommune er representert slik:

Kemnerutval Medlem: Inger Helene Dalen (TVØ) 1.varamedlem: Harry Torsvik (TVØ)

Klagenemnd - kemnerutval Medlem: William Oen (Frp) Varamedlem: Kari Fjeldstad (AP)

fjell.kommune.no/Om_Fjell/Administrasjonen/Servicetorgsjefen/Kemneren/

IUA Bergen region

bergen.kommune.no/omkommunen/avdelinger/brannvesenet-iua-bergen-region

- interkommunalt utvalg mot akutt forurensning. Bergen kommune er vert. (Kommunelova §27)

Helsesamarbeid med Fjell/Sund/Askøy:

Intermediær og palliativ avdeling § 28-1 b.

Lokalmedisinsk senter er under planlegging og ikkje avtalefesta enno.
(Kommunestyret har gjort bindande vedtak).

STIFTINGAR.

Kommunen sine representantar i:

Kystmuseet sitt styre

kystmuseet.museumvest.no/

Medlem:	Varamedlem:
1. Børge Haugetun (TVØ)	1. Silvia Haugland (TVØ)
2. Linda Beate Oen (FrP)	2. Remi Oen (FrP)
3. Geir Inge Svelingen (H)	3. Åse Gunn Husebø (AP)

Leiar: Børge Haugetun. Ordføraren er og nestleiar i styret for Museum Vest.

Stiftinga kystsogevekene

kystsogevekene.no/program/nivaa2/nivaa3/oygarden.php

Medlem:	Varamedlem:
1. Ordførar Børge Haugetun (TVØ)	1. Varaordførar Atle Dåvøy (Krf)

PENSJONSKASSE.

KLP - kommunane har skote inn eigenkapital - og er både eigarar og kundar
klp.no/om-klp/fakta/eierforhold

INTERESSEORGANISASJONAR OG NETTVERK.

Kommunenes Sentralforbund (KS) ks.no – eigmiljøet til kommunane

Vest Næringsråd (VNR) vnr.no

Regionrådet Vest regionradetvest.no – Sund, Fjell og Øygarden kommunar.

Sunne kommuner - WHO sitt norske nettverk sunnekommuner.no

MOT – ein haldningsskapende organisasjon som jobbar for og med ungdom, og har eimålsetting om å bidra til robuste ungdommar og trygge ungdomsmiljø. mot.no

NPK - nettverk av petroleumskommunar - petroleumskommunar.no

Nettverk for fjord- og kystkommuner (NFKK) kystnettverk.no

Landssamanslutninga av nynorskommunar (LNK) lnk.no